

Rundtuva og Trollvatnet Utmarkslag

Sameiget Rundtuva og Trollvatnet utmarkslag er ein samanslutning av grunneigarar innafor grensene for den felles utmarka mellom gnr.77-83 i Molde kommune ved Trollvatnet. Laget er eit eigarlag og har delt ansvar i samsvar med andelen i laget. Vedtektene til laget er bestemt ved dom i Romsdal Jordskifterett 30 sept. 2003 gjeldande frå 01.01.2004. Lagets formål er å samle grunneigarane i området for i fellesskap å forvalte dei felles utmarksressursane på ein måte som skaper auka grunnlag for arbeids- og inntektsmolegheiter innafor ramma av ein langsiktig forvaltning.

NVE

Gjennomgang og revisjon av konsesjonsvilkåra for Istadvassdraget

Vi viser til vårt brev av 04.07.2006 der vi bad NVE om at konsesjonane og skjønnet for Istad Kraft AS si utbygging av Istadvassdraget vart gjennomgått og revidert. Vidare viser vi til vårt siste brev om saka av 21.01.2025.

Takk for at det blir vurdert å opne sak om revisjon av vilkåra for konsesjonar for Istad Kraftverk.

Utmarkslaget meiner å sjå at hovudutfordringa med dagens konsesjon er uklar/manglande krav om minstevassføring og påfølgjande registrering av denne. Vi legg då til grunn at det bør settast krav om minstevassføringar for alle vannvegar (også kunstige kanalar) slik at ein unngår skadeleg tørrlegging slik som skjer no (sjå bilder knytt til vårt brev av 04.07.2006). Raske nedtappingar både i Trollvatnet og elvane/bekkane fører til døden for fisk, insekt etc. Normal sommarsituasjon i Istadelva både nedom og åvom Høljan har dei seinare år vorte tørrlagt elv.

Utmarkslaget opprettheld sitt krav om vilkårsrevisjon jfr. våre brev av 04.07.2006 og 21.01.2025.

Grøndalen og areala rundt er mykje brukt til rekreasjon samt at det er beiteland for husdyra. Vi ser at kanalane og elvane kan vere ei utfordring for sikker ferdsel for landbruksdrifta og turfolket og ønskjer at dette blir teke opp i revideringa. Bruene er vesentleg for sikker ferdsel både for anleggseigarar samt folk forøvrig.

Elles les vi i Regional vassforvaltningsplan for 2022-2027 for Møre og Romsdal Vassregion at ny kunnskap knytt til elvemusling i Skalleelva/Opdølselva, har ført til at minstevassføring for denne elva er prioritert. Det er godt å lese at våre vassmyndigheiter tek ny kunnskap inn over seg og samfunnet går i rett berekraftig naturvenleg retning. Det er også nødvendig med kartlegging av elvemusling etc også i Istadvassdraget.

Knytt til Istad-reguleringa er det gjort ei rekkje større inngrep (demningar, kanalar, anleggsvei, steinbrot, bygningar etc). I desse områda vurderer vi at det er sers viktig å ha eit bevisst haldning til bruken av areala, kor omsynet til b.a. landskapsbildet, natur, friluftsliv, motorisert ferdsel og landbruksinteressene blir ivaretekne. Ein revisjon av konsesjonsvilkåra for Istadvassdraget vil vere med på å sikre ivaretakinga av natur og miljø i den vidare forvaltninga av vassdraget. Vi meiner at det no er på tide med ein gjennomgang av gjeldande konsesjon. Det er også viktig å sikre at aktivitet som ikkje omfattast av konsesjonen, blir gjenstand for gode prosessar og forsvarleg saksbehandling slik at all arealbruk i dette området blir forvalta på ein god og lovleg måte.

Avslutningsvis vil vi seie at om ein sleppe noko vatn i øvre del av vassdraget er det framleis ein kraftstasjon i botn – vi håper at det blir att noko vatn også til naturen.

Istad 25 feb . 2025

Terje Høystakli

Leiar i Rundtuva og Trollvatnet utmarkslag

Vedlegg: Bilder frå tørrlagt vassdrag

I august 2006 var også kanalen tørrlagt da Oltervannet var helt steng enda det er pålagt minstevassføring til elva. Vegetasjonen var sprøytet langs kanalkanten slik som i år.



Gjeterhytten ved Olterelva



Turstien sett mot gjeterhytta. Det er kun stillestående pytter i elva
Her er det flere hundre mennesker på besøk hvert år